




Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Sluttrapport Nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, Utladalen landskapsvernområde



Utførende institusjon

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Kontaktperson

Nasjonalparkforvaltarar Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Publikasjonsnummer

År

Sidetall

Opplag

2023

[Tekst]

Utgjevar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Forfattar(ar)

Eldrid Nedrelo og Kari Sveen

Tittel – norsk og engelsk

Sluttrapport – Nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, Utladalen landskapsvernområde

Samandrag – summary

Sluttrapporten oppsummerer arbeidet med etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, åra 2020-2022.

Framsidedfoto

Vettisfossen sett frå det nye utsiktspunktet. Foto: Øyvind Dyrdal

Innhold

1	Kort oppsummering av prosjektet.....	4
1.1	Organisering av prosjektet	4
1.2	Bakgrunn for prosjektet	4
2	Prosjektmål.....	5
2.1	Prosjektering	5
2.2	Utlysning av anbud og arbeid som byggeleiar.....	5
2.3	Byggearbeid nytt utsiktspunkt	6
2.4	Omlegging av stien bort frå juvkanten, revegetering og utbetring av stien.....	6
2.5	Informasjon	7
3	Framdrift	7
4	Arbeid som står att	8
5	Resultat.....	8
5.1	Utsiktspunkt Vettisfossen – Formingsretteleiar	8
6	Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)	9
7	Finansiering.....	9
8	Avslutting	10
9	Medverkande	10
10	Vedlegg	12
10.1	Bilete frå prosjektet	12
10.2	Bilete av utsiktsplattforma før.. og etter.	23
10.3	Omlegging av stien bort frå juvkanten, revegetering og utbetring av stien	25
10.4	Skilting – Opplysningsskilt 3 stk langs stien, og fareskilt	32
10.5	Vedlegg – Formingsveileder	34

1 Kort oppsummering av prosjektet

Kvart år går mange opp for å beundre Vettisfossen, som er det høgaste uregulerte fossefallet i Noreg. Den gamle utsiktsplattforma på kanten av juvet mot Utladalen vart bygd lenge før området vart verna, og bar sterkt preg av tidas tann. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen etablerte difor eit samarbeid med Utladalen Naturhus i 2021 for å skifte ut den gamle utsiktsplattforma. Hausten 2022 er det bygd ei ny utsiktsplattform for å:

- hindre slitasje og ta vare på den gamle furuskogen av nasjonal verdi
- ta vare på sårbart fugleliv i området
- for å lede dei besøkande trygt gjennom området på kanten av juvet.

Fornyng av utsiktspunktet er viktig for å vareta tryggleiken til dei som vil sjå fossen ovanfrå.

1.1 Organisering av prosjektet

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har utgjort styringsgruppa for prosjektet med etablering av nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen, og har vore ansvarleg byggherre i byggeperioden. Tiltaket har hatt god lokal forankring. Det vart oppretta ei prosjektgruppe med Utladalen Naturhus, og både grunneigar, Årdal kommune, Visit Årdal og Statens Naturoppsyn (SNO) har vore med i gruppa under prosjektperioden.

1.2 Bakgrunn for prosjektet

Ved Vettisfossen har det vore ei utsiktsrampe i meir enn 100 år. Den gamle installasjonen var moden for utskifting. Det gamle gjerdet ute på kanten, og plattforma var i ei slik forfatning at Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen såg fjerning og nybygg som den einaste utvegen. Nasjonalparkstyret meinte at å fjerne det utslitne anlegget utan å erstatte det med noko nytt var uaktuelt, då ein ikkje kan hindre at folk går den velkjende ruta for å kunne sjå fossen ovanfrå på kanten av juvet. Dette resulterte i at nasjonalparkstyret søkte om tiltaksmidlar til oppstart av prosjektet i 2020.

Etter oppdrag frå nasjonalparkstyret gjennomførte Dronninga landskap ein muligheitsstudie, Vettisfossen utsiktspunkt, hausten 2020.

Sommaren 2021 vart det gjennomført eit forprosjekt, inkludert laserskanning og ei geoteknisk vurdering, som viste at stien og den gamle plattforma dels låg på eit overheng

prega av sprekker og sleppesoner. Ein konkluderte difor med at stien måtte flyttast inn på trygg grunn.

Spørsmålet om ein kunne etablere eit nytt utsiktspunkt innanfor landskapsvernområdet vart nøye vurdert opp mot verneformål og verneverdiar. Det er lagt sterk vekt på at dette er eit heilt spesielt tilfelle fordi det har vore ei utsiktsplattform på staden i lang tid, faktisk så tidleg som i 1906. Målet har heile vegen vore å gjere inngrepet best mogleg tilpassa landskapet, og samstundes få det funksjonelt i høve til ferdsla ein uansett må rekne med til dette området.

2 Prosjekt mål

2.1 Prosjektering

Dronninga Landskap AS har i samarbeid med diplomingeniør Florian Kosche (DIFK) og ingeniør innan bergteknikk Tore Valstad, prosjektert det nye utsiktspunktet ved Vettisfossen, der tryggleik og estetisk tilpassing til landskapet har vore sterkt vektlagt i dette arbeidet. Laserskanning gjennomført av Scan Survey har gjeve detaljert kartgrunnlag for prosjektet. Plattformen er trekt nokre få meter til side for den som var der tidlegare for å unngå sprekkområda i fjellet. For å oppnå trygg forankring er ho også forlenga innover på plataet, men dette er ikkje synleg nedanfrå. Konstruksjonen er plassert slik i terrenget at han er svært lite synleg før du kjem heilt inntil. Plattformen ligg eit par hundre meter frå Vettisfossen, og det er lagt vekt på at det er fossen som er attraksjonen, og ikkje den nye konstruksjonen. Estetikk er likevel viktig når ein byggjer i eit slikt storslått landskap, og målet har vore at anlegget skal vera minst mogleg synleg i naturen. Materialvalet er cortenstål, som er i tråd med designmanualen for *Norges nasjonalparker*, og som gjev ein lite synleg, og mest mogleg vedlikehaldsfri konstruksjon.

2.2 Utlysing av anbod og arbeid som byggeleiar

I mai 2022 lyste nasjonalparkstyret ut anbod på byggeprosjektet for utsiktsplattformen og oppføring av nytt sikringsgjerd i Doffin, og fekk inn to tilbod ved utløpet av fristen 13. mai. Det vart inngått avtale med Ekehaug Maskin AS som hovudentreprenør, Gjeraldstveit Mekaniske AS har levert stål og stålarbeid. Asplan Viak v/Per Sigve Selseng har vore byggeleiar.

2.3 Byggearbeid nytt utsiktspunkt

Av omsyn til verneverdiar og turfolk i området, vart byggeperioden lagt til ein kort periode utanom den mest sårbare tida på året. Det fysiske arbeidet med å etablere eit nytt utsiktspunkt starta den 17. august i år. Då vart naudsynt utstyr flogge opp, det vart etablert eit riggområde, og anleggsarbeidet med ny plattform og oppføring av gjerde langs stien starta.

Fundamenta vart støypt og det vart laga ei stålramme som sjølv konstruksjonen vart festa til. Plattformen vart floggen opp i to deler, konstruksjonen med vegger og eit kvadrat i golvet (for å få ned vekta slik at konstruksjonen kunne løftast med helikopteret).

For å få god drenering ved-, og rundt konstruksjonen er det nytta stadeigne massar som var i grunnen og massar som hadde lagt seg opp ved elva Morka-Koldedøla.

Den 21. oktober vart plattformen løfta på plass og montert på staden ved hjelp av Super Puma. Deretter vart siste rest av arbeidet med gjerdet fullført, og anleggsområdet vart arrondert og stelt til att, og det vart rydda opp.

Alt materiale og utstyr etter anleggsarbeidet vart flogge ut den 1. november 2022.

2.4 Omlegging av stien bort frå juvkanten, revegetering og utbetring av stien

Traseen for stien som førte fram til det gamle utsiktspunktet, og som var del av DNT-ruta til Skogadalsbøen, følgde kanten av juvet frå ein kryssa elva Morka-Koldedøla. Området er var sterkt prega av trakk/slitasje, og stien låg altså på utrygg grunn. I samarbeid mellom nasjonalparkstyret og DNT Oslo og Omegn, Naturhuset og SNO vart stien lagt om og T-merka sist sommar. Stien er lagt lenger inn i terrenget, for å styre ferdsla trygt utanom området med fare for ras-utgliding og fram til det nye utsiktspunktet. Langs denne nye traseen er det sett opp nytt rekkverk med stål stolpar og wire.

Arbeidet med å reparere såra etter slitasjen er i gang i samarbeid med lokalt SNO og Utladalen Naturhus. Skogbotnen i den gamle furuskogen blir revegetert med stadeigen torv og lyng.

Delar av stien på rundturen frå utsiktspunktet via Vettismorki og til Vetti må vedlikehaldast. Eit arbeidslag under leiing av SNO har allereie vore i området og utbetra enkelte parti av stien der det var stor slitasje.

2.5 Informasjon

God og tydeleg informasjon er viktig for å styre ferdsla i området. Det er sett opp informasjonsskilt langs stien og fareskilt ved gjerdet for å lede folk på rett veg.

3 Framdrift

Skildring	Gjennomført dato
Bygge-/anleggsstart	17.08.22
Stålramme for løfta på plass	26.09.22
Milepåle Super Puma løfta plattform på plass, kopla til ramme/fundament.	21.10.22
Ferdigstilling	1.11.22
Overtaking frå entreprenør	1.11.22

For å kunne gjennomføre prosjektet har det vore heilt avgjerande å halde fastsett framdriftsplan med oppstart i midten av august, og ferdigstilling før vinteren, innan månadsskiftet oktober/november. (Arbeidet kunne ikkje delast opp over fleire sesongar av omsyn til både sårbare tider på året for hekkande rovfugl og turistsesong, men også av praktiske årsaker og sikkerheit på staden.)

Stålkonstruksjonen var for tung til å kunne løftast med helikopter då den skulle løftast på plass etter oppsett framdriftsplan. Arbeidet vart difor noko forseinka, etter framdriftsplanen. Byggherre er likevel godt nøgd med at arbeidet vart avslutta heilt i starten av november.

Den 1.11.22 var det ei uføresett hending i samband med uttransport av utstyr frå utsiktspunktet. Ein konteinar fall ned på bakken under helikoptertransport og hamna ved breidda av elva Utlå. Det vart meldt frå om hendinga til rette instansar med ein gong etter at det skjedde, og det var sett i gang strakstiltak med rydding av utstyr og materiell som var mogleg å nå. Gjenstandane som låg att vart samla saman og flogte ut veka etter, og oppryddingsarbeidet vart avslutta.

4 Arbeid som står att

I samarbeid med DNT Oslo og Omegn vil nasjonalparkstyret også ruste opp stien opp frå Vetti, med legging av stein/kavler over blaute parti og fornying av rekkverk. Føresetta at nasjonalparkstyret får tiltaksmidlar til dette delprosjektet i 2023 vil arbeidet bli gjennomført då.

Arbeidet med revegetering ved plattformen blir planlagt gjennomført våren 2023, før opning av anlegget og turistsesongen tek til, og blir gjort i samarbeid med SNO og Utladalen Naturhus.

Arbeidet med legging av kavler i blaute parti langs stien inn mot utsiktspunktet held fram i 2023.

5 Resultat

Vettisfossen ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde. Ein ynskjer ikkje nye tekniske inngrep i verneområda. Sidan det allereie var ein installasjon på plassen meiner nasjonalparkstyret likevel at tiltaket samla sett vil vere til det beste for verneformålet i området. Nasjonalparkstyret har lagt stor vekt på at utskiftinga av anlegget vil vere positivt for verneverdiar ved at ein får:

- samla ferdsle i eitt punkt, og såleis reduserer forstyrring av sårbart fugleliv.
- redusert og reparert vegetasjonsslitasje som har oppstått i den gamle furuskogen på kanten av fossejuvet.

Så er det sjølvsagt viktig at vi legg til rette for trygg ferdsel i området.

5.1 Utsiktspunkt Vettisfossen – Formingsrettleiar

Som ein del av forprosjektet for utsiktspunkt Vettisfossen har Dronninga Landskap utarbeidd ein formingsrettleiar på oppdrag frå nasjonalparkstyret. Formingsrettleiaren gjev forslag til utforming for tilrettelegging av stien frå Vetti gard til utsiktspunktet ved Vettisfossen og vidare til Vettismorki.

Formingsrettleiaren inneheld forslag til løysingar for rekkverk, handløparar, samt enkle og robuste løysingar for å legge kavler og myrbruer. Rettleiaren inneheld også eigne kapitler om skilting og bruk av vegetasjon. Han skal fungere som ei oppskrift på ulike utfordringar, og løysingane kan tilpassast kvart einskild tilfelle. Ved å bruke same type materialar som

retteleiaren legg opp til, vil ein oppnå ei heilskapleg tilpassing av tilrettelegginga i dette området.

Det er eit mål at elementa i størst mogleg grad kan lagast med lokale massar og materialar, og at tilrettelegginga også kan utførast som dugnadsarbeid.

6 Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV)

Nasjonalparkstyret v/Statsforvaltaren i Innlandet blir ståande som eigar av installasjonen, og vil vera ansvarleg for tilsyn og vedlikehald.

Det blir utarbeidd ein instruks for FDV, og nasjonalparkstyret vil inngå avtale med Utladalen Naturhus om tilsyn med konstruksjonen og gjerdet.

7 Finansiering

Kostnadsoversikt		
År	Oppdrag	Rekneskap
2020	Mulighetsstudie	113403
	Sett av til forprosjekt*	220000
2021*	Laserskanning, geoteknisk vurdering, forprosjekt, samt oppfølging frå arkitekt/ingeniør.	1053903
2022**	Byggekostnader	4184789
	Byggeleing	189708
	Samla kostnad	5761803

*2021 er inkludert midlar sett av for oppfølging frå arkitekt/ingeniør.

**Rekneskapstal 2022 er førebelse tal frå 2022.

I tillegg kjem reisekostnader til møte/synfaringar for forvaltarane.

Hovuddelen av finansieringa er frå Miljødirektoratet, med løyvingar på vel 5,2 millionar fordelt på 2020-2022, som vist over.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har gjeve eit svært viktig lokalt bidrag til prosjektet med kr. 500.000 og UNI-stiftelsen har gitt 50.000 i gåve.

I tillegg kjem stor eigeninnsats i form av arbeid med tilrettelegging og oppfølging frå dei to nasjonalparkforvaltarane og fellesteneste STAF som har stått for utlysing av anbod.

8 Avslutting

Nasjonalparkstyret vonar at ein i åra som kjem kan gje både lokalbefolking og tilreisande ei spektakulær oppleving i trygge omgjevnader.

Prosjektet er finansiert med løyving av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet og pengegåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Stiftinga UNI. Utladalen Naturhus og Nasjonalparkstyret rettar ein særskild takk til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og til Stiftelsen UNI som har gjeve økonomisk bidrag til å kunne realisere prosjektet! Nasjonalparkstyret tykkjer det er flott at prosjektet er tilgodesett av ein lokal aktør, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

9 Medverkande

Både Utladalen og turen opp til Vettismorki er mykje brukt av dei lokale. Vi opplever stor lokal interesse for prosjektet, og Nasjonalparkstyret har hatt eit godt samarbeid med både Utladalen Naturhus, grunneigar, kommunen, Statens naturoppsyn og Visit Årdal gjennom heile prosjektet. No gler vi oss til å kunne ønskje velkommen til sommaren når alt står ferdig. Vi planlegg formell opning i midten av juni, og håpar det vil bli ei flott oppleving for alle som vil ta turen til utsiktspunktet.

Byggherre: Statsforvaltaren i Innlandet / Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen og Utladalen, i samarbeid med Utladalen Naturhus
Hovudentreprenør: Ekehaug Maskin AS

Stålkonstruksjon: Gjeraldstveit Mekaniske AS

Landskapsarkitekt: Dronninga Landskap AS

Ingeniør: DIFK Florian Kosche AS

Geologi/geoteknikk: ingeniør Tore Valstad

Byggeleiing: Per Sigve Selseng, Asplan Viak

SNO Jotunheimen: Fagleg leiing av arbeidet med omlegging av sti, revegetering og legging av nye kavler.

Utladalen Naturhus: Revegetering, legging av kavler og oppsetting av informasjonsplakatar.

Kontaktpersonar:

Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvaltar – mobil 907 24 490

Kari Sveen, nasjonalparkforvaltar – mobil 948 80 564



Frå den første synfaringa i samband med utarbeiding av muligheitsstudien, den 22. oktober 2020. Synfaringa vart gjennomført saman med medverkande i prosjektet, grunneigar, Dronninga Landskap AS, DIFK Florian Kosche, forvaltarane og Utladalen Naturhus. Foto: Alf Jørund Selnesaunet.

10 Vedlegg

10.1 Bilete frå prosjektet



*Nasjonalparkstyret på synfaring til utsiktspunktet i juni 2019. Den gamle plattformen og gjerdet langs juvkanten var prega av forfall, og det var semje om at noko måtte gjerast.
Foto: Kari Sveen.*



*Det gamle gjerdet på juvkanten var prega av forfall.
Foto: Kari Sveen*



Området ved den gamle utsiktsplattforma var prega av slitasje. Foto: Eldrid Nedrelo



Slitasje på juvkanten, både innanfor og utanfor gjerdet. Foto: Eldrid Nedrelo



*Slitasje ved det gamle utsiktspunktet.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*Før utskifting av den gamle konstruksjonen jakta besøkende på den beste utsikta til fossen. Dette har fram til august i 2022 medført stor slitasje på juvkanten og forstyrning av sårbart fugleliv i eit større område.
Foto. Eldrid Nedrelo*



Synfaring knytt til arbeidet med mulighetsstudien hausten 2020, med representantar frå Dronninga Landskap AS, DIFK Florian Kosche, grunneigar, Utladalen Naturhus AS, Årdal kommune, SNO og forvaltarane. Foto: Eldrid Nedrelo



Synfaring med prosjekterande, Dronninga Landskap AS, ingeniør DIFK Florian Kosche AS, ingeniør Tore Valstad og Utladalen Naturhus hausten 2021. Grundige vurderingar på staden ligg til grunn for forslaget til plassering av den nye plattform. Foto: Eldrid Nedrelo



*Anbudssynfaring
på truger 5. mai
2022.
Foto: Eldrid
Nedrelo*



*Planlegging av
oppstart, synfaring
med byggeleiar og
Ekehaug Maskin
5. juli.
Øyvind Dyrdal og
Anders Ekehaug i
samtale med
byggeleiar Per
Sigve Selseng.
Foto: Kari Sveen*



Arbeidarane hjå Ekehaug Maskin AS og byggeleiar frå Asplan Viak studerer arbeidsplassen for dei neste to månadane. Foto: Eldrid Nedrelo



Vurdering av stitrase for inngang til plattform, og trase for gjerde. Foto: Eldrid Nedrelo



*Grundlig arbeid med fundamenta for det nye utsiktspunktet. Fundamenta er trekt inn på trygg grunn.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*Området ved utsiktspunktet har vore anleggsplass i vel to måneder, frå midten av august til utgangen av oktober.
Foto: Eldrid Nedrelo*



Den 26.09.2022 vart stålramma for konstruksjonen løfta på plass. Gjeraldstveit Mekansike AS har stått for stålarbeidet. Foto: Øyvind Dyrdal, Ekehaug Maskin AS



Arbeidarane frå Ekehaug Maskin AS og Gjeraldstveit Mekaniske AS er klare for mottak av plattformen. Foto: Eldrid Nedrelo



Klare for innsats! 30.september 2022. Foto: Kari Sveen



Utsiktspunktet har vore ein luftig arbeidsplass for dei tilsette i Ekehaug Maskin. Den 21.10.2022 kom plattformen endeleg på plass i to deler. Foto: Øyvind Dyrdal, Ekehaug Maskin.




Den 21.10.2022 kom plattformen endeleg på plass i to deler. Foto: Øyvind Dyrdal, Ekehaug Maskin.



Før arrondering. Fylling med stein sikrar god drenering rundt konstruksjonen. Foto: Eldrid Nedrelo



Det er lagt stor vekt på at den nye utsiktsplattforma skal vera godt tilpassa terrenget på staden. Ho er bygd i corten-stål for at ho skal vera mest mogleg vedlikehaldsfri, og samstundes i tråd med designmanualen for Norges nasjonalparker. Foto: Eldrid Nedrelo



Frå den nye utsiktsplattforma får du den absolutt beste utsikta til fossen sett ovanfrå. Foto: Eldrid Nedrelo

10.2 Bilete av utsiktsplattforma før.. og etter.

24. juni 2022



Foto: Eldrid Nedrelo

31. oktober 2022



Foto: Per Sigve Selseng

21. juni 2019



Foto: Kari Sveen

26. oktober 2022



Foto: Eldrid Nedrelo



*Historisk biletarkiv viser at det var ei utsiktsplattform på staden lenge før vernet, allereie i 1906.
Foto: Kristen Dverhagen Irgens. Kjelde: Spesialsamlingene ved Universitetet i Bergen
<https://marcus.uib.no/>*

10.3 Omlegging av stien bort frå juvkanten, revegetering og utbetring av stien



*Omlegging og merking av stien på trygg grunn.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*Den nye stien vart teken i bruk med ein gong. Traseen følgjer det nyoppsette gjerdet fram til utsiktspunktet.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*Nøye vurdering av trase for gjerde.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*Representantar frå Ekehaug Maskin, nasjonalparkforvaltaran e og byggeleiar vurderer trase for nytt gjerde på staden.
Foto: Kari Sveen*



*Trase for gjerdet er nøyre tilpassa terrenget og landskapet på staden.
Foto: Eldrid Nedrelo*



*3 opplysningsskilt er sett opp langs ruta frå Vetti til utsiktspunktet. Dette skiltet er sett opp like før ein går inn på den nye stitraseen fram til utsiktspunktet. Plakat blir hengt opp tidleg vår 2023.
Foto: Eldrid Nedrelo*



Gjerdet markerer skiljet mellom faresona og trygg grunn. Fareskilt skal setjast opp på gjerdet i tre punkt, og vil tydeleggjera dette skiljet.

Foto: Eldrid Nedrelo



Feste for gjerdewire. Nasjonalparkstyret vil inngå avtale med Utladalen Naturhus AS om tilsyn med konstruksjon og gjerde, samt vedlikehald. Wiren vil bli slakka/stramma kvar vinter/tidleg vår.

Foto: Eldrid Nedrelo



*Utladalen Naturhus har starta arbeidet med å reparere sår i terrenget for å kanalisere ferdsla til ny sti.
Foto: Johannes P. Skahjem.*



*Før—og etter revegetering. Arbeidet med revegetering er i første omgang prioritert frå kvar av inngangane til juvkanten, frå.
Foto: Johannes P. Skahjem*



*Legging av nye kavler i blaute parti frå Vettismorki og fram til utsiktspunktet.
Foto: Samuel A. Båtsvik, Utladalen Naturhus.*



*Materialane til dei nye kavlene består av malmfuru, stokkar som blir delt til såkalla halvkløyvingar.
Foto: Samuel A. Båtsvik, Utladalen Naturhus.*



*Gjenbruk av gamle kavler og materialar frå det gamle utsiktspunktet.
Foto: Samuel A. Båtsvik, Utladalen Naturhus*

10.4 Skilting – Opplysningsskilt og fareskilt

Opplysningskilt



Fareskilt




10.5 Vedlegg – Formingsrettleiar

Utsiktspunkt Vettisfossen – Formingsveileder, Dronninga Landskap, des. 2022.

Utladalen landskapsvernområde

Jotunheimen byr på eit breitt spekter av opplevingar - frå frodige fjelldalar med fiskevatn til karrig høg fjell med brear og høge tindar. Utladalen er verna som landskapsvernområde, og her finst varmekjær lauvskog og høge fossar. Den smale og tronge dalen er omkransa av høge fjell, med dei majestetiske tindane i Hurrungane i vest.



Mot Morka-Kolddalen. Foto: Kari Sveen

Kontaktinformasjon Utladalen landskapsvernområde

Telefon: 57 64 31 47 / 61 26 62 03

E-post: sfinpost@statsforvalteren.no

Nett: www.jotunheimen.info

Post: Statsforvaltaren i Innlandet, Postboks 987, 2604 Lillehammer